



**Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre**

Postadresse
Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Sandane Næringshage
Sandane Senter, 3. etasje
6823 Sandane

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3138

fmvpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-
Gjengedal

Grunneigarar i Naustdal-Gjengedal LVO

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2020/9614-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 12.06.2020

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Fjerning av mindre førekomstar av gran

Rydding av gran i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har midlar til fjerning av gran i verneområdet. Styret vil gjerne ha hjelp av grunneigarar og andre som kan ta på seg å hogge ned mindre førekomstar av gran i og rundt verneområda.

Mange stader står det enkelte tre og mindre førekomstar av gran i verneområdet og i randsona rett utanfor verneområdet. Det er både enkelte tre som har frødd seg sjølv, små klynger og enkelte leplantingar og små plantefelt ved støylar og liknande. Der er og fleire store plantefelt som går inn i verneområdet, men dei uttaka er større jobbar som krev planlegging. Verneområdeforvaltninga har som langsiktig mål å få vekk all gran frå verneområdet. Dette er eit viktig skjøtselsarbeid for verneområdeforvaltninga.

Verneområdeforvaltninga ynskjer hjelp av lokale krefter til å få tatt ut ein del mindre førekomstar. I praksis vil det seie at grunneigar eller andre lokale får betalt av forvaltninga for å hogge gran som står inne i verneområdet. Dette må sjølvstyk berre skje etter godkjenning frå grunneigaren der kor grana eller granene står. Grunneigar disponerer dessutan virket etter at det er felt og kan gjere som dei vil med det. I tillegg er der nokre andre vilkår som er lista opp under her.

Dersom nokon ønskjer større prosjekt med uttak av større felt, ta kontakt med verneområdeforvaltninga.

Vilkår for skjøtselsarbeidet på neste side.



Vilkår for uttak av gran i Naustdal-Gjengedal:

- Dei som skal jobbe med dette må varsle verneområdeforvaltar på førehand slik at det vert sett av midlar.
- Dersom ein har ønskje om å fjerne hogge gran på nokon andre sin grunn skal det avklarast med grunneigar.
- Arbeidet vert godtgjort med kr 350,- per time.
- Arbeidet skal dokumenterast med timeliste og før- og etterbilde.
- Det er sett ei ramme på 7000,- (20 timar) per grunneigar/tenesteytar.
- Store tre skal hoggast ned, kvistast og kappast opp. Små tre treng berre fellast.
- I nærleiken av støyalar og/eller turstiar bør kvisten ryddast saman i dungar.
- Ein kan nytte motorsag eller handreidskap.
- Grunneigar disponerer virket som vert hogd. Det kan gjerne nyttast til ved på stølar, hytter eller liknande.
- Dersom virket ikkje vert nytta, skal det kappast opp i korte lengder/kubbar slik at det kjem ned på bakken og rotnar. Pass på at heile lengda får bakkekontakt.
- Den som utfører jobben må sende faktura til verneområdestyret innan 1. november 2020.

Fakturaadresse:

Fylkesmannen i Vestland
Fakturamottak DFØ
Postboks 4746
7468 Trondheim

Referansenummer (må vere med): **3850alr**

Med helsing

Alf Erik Røyrvik
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent